

08.03.18.

Til: Olje og Energidepartementet (OED)

Frå: Industri Energi

Industri Energi sitt høyringsinnspel til Olje og Energidepartementet angående ny bestemmelse i petroleumsforskriften om rapportering av mottatte betalinger og opphevelse av forskrift om rapportering og avstemming av pengestrømmer fra petroleumsvirksomheten

Norge vart implementerande land i Extractive Industries Transparency Initiative (EITI) i 2009 gjennom *forskrift 26. juni 2009 nr. 852 om rapportering og avstemming av pengestrømmer fra petroleumsvirksomheten*.

EITI-standarden skal fremja openheit og forsvarleg forvaltning av naturressursar slik at desse ressursane kan kome alle innbyggjarane i eit land til gode.

Formålet med at norske styresmakter har delteke i EITI-samanheng og at Norge har vore eit implementerande land, var at Norge skulle vera eit føregangsland og bidra til å setja globale standardar for publisering av betalningar frå selskap i utvinningsindustrien og for styresmakter å offentleggjera kva dei mottar.

EITI sitt mål har vore å etablera ein global standard for publisering av betalningar frå selskapa i utvinningsindustrien og for styresmaktene å offentleggjera kva dei mottar. Eit sentralt element ved implementeringa av EITI-standarden var at ei interessegruppe, som består av representantar frå styresmaktene, selskapa og sivilsamfunnet, vart etablert og skulle stå for etterleving av EITI-kriteria.

Det er altså fire viktige prinsipp som er verd å understreka:

- 1) Norge skal vera eit føregangsland.
- 2) Norge skal fremja openheit og forsvarleg forvaltning.
- 3) EITI skal etablera ein global standard.
- 4) Samarbeid i interessegruppa.

Formålet med «mainstreaming» er å forenkle EITI-rapporteringa ved å bruke eksisterande norske informasjonskanalar og kontrollmekanismar, slik at informasjonen som tidlegare kom fram i EITI-rapportane vert ivaretatt. I ein EITI-rapport vert både rapporterte skatteinnbetalningar frå selskapa og registrert mottekne skattebetalningar hjå styresmaktene vist, og desse vert avstemt av eit revisjonsfirma, for å kontrollere at informasjonen er korrekt.

«Mainstreaming» tyder at ein vidarefører opplysningskravet, men fjernar interessegruppa og revisjonsfirmaet som mellomledd. Hensikta er å gje offentleg innsyn i betalte skattar, slik at offentlegheita kan kontrollere og avstemme skatteinnbetalingane.

Industri Energi meiner at dei fire prinsippa over også må ligge til grunn for «mainstreaming» av EITI-standarden i Norge.

Olje- og energidepartementet søkte i april 2017 EITI-styret om såkalla mainstreaming. Denne søknaden var ikkje forankra i interessegruppa. Sivilsamfunnsdelen av gruppa, altså 1/3 av gruppa, motsette seg søknaden då organisasjonane meinte at søknaden ikkje var i samsvar med dei fire viktige prinsippa.

Mainstreaming, slik som søknaden og høyringa føreslår, vil ikkje føra til openheit og forsvarleg forvaltning i Norge eller dei landa Norge skal vera eit føregangsland for. Ein global standard basert på den modellen Norge legg opp til, vil heller ikkje føra til meir openheit globalt. Det at EITI-styret godtok ein søknad som det ikkje er semje om i den norsk interessegruppa er oppsiktsvekkande, og kan føre til at EITI vert svekka globalt.

Norge skal vera eit føregangsland og skal fremja openheit, og kan altså vera med på å etablere ein global standard. Det er då særskild viktig at Norge «mainstreamar» på ein måte som nettopp fremjar openheit. Det er difor viktig at rapporteringa ikkje vert dårlegare av at ein fjernar mellomledda. «Mainstreaming» som føreslått i høyringa vil svekke rapportering og arbeidet for openheit.

I Norge bruker selskapa årsrekneskapa for å offentleggjere pålitelege informasjon. Sivilsamfunnsgruppa, som Industri Energi er del av, har difor sett som minimumskrav at «mainstreaming» av betalt skatt må takast inn som ein note i rekneskapet til selskapa, til dømes i skattenote.

Det heilt nødvendig at det er reviderte og revisorgodkjente rekneskapstal som vert formidla. Det er berre slike tal som er pålitelege og transparente, og det er berre når ein har påliteleg informasjon at ein kan ta vekk mellomleddet: revisjon.

I høyringsnotatet står det: For de fleste rettighetshavere på norsk sokkel som er i skatteposisjon, vil opplysninger om selskapenes innbetalinger til staten være tilgjengelig på selskapenes hjemmesider som følge av det norske land-for-land-regelverket slik det følger av bestemmelsene i regnskapsloven §3-3d og verdipapirloven §5-5a med tilhørende forskrift 20. desember 2013 nr. 1682 om land-for-land-rapportering (LLRforskriften). Det norske land-for-land regelverket har gjennomført kravene i EUs konsoliderte regnskapsdirektiv (direktiv 2013/34/EU) kapittel 10.

Det er ikkje samsvar mellom dei selskapa som under dagens forskrift rapporterer under EITI og dei selskapa som rapporterer under LLR-forskrifta, og som skal rapportere under den nye føreslåtte forskrifta. Dette har Deloitte, som har stått for valideringa at EITI-rapportane og evalueringsrapporten om LLR-regelverket, stadfesta fleire gongar. Selskap som kun opererer i Norge eller som er under materialitetsgrensa vil til dømes ikkje måtte rapportere. Det vil ikkje lenger vera muleg å samanstillere rapportane frå selskap med rapporten frå styresmaktene.

Sivilsamfunnsdelen av interessegruppa har støtta opp om EITI-kravet om eigarskapsregister. Dette kravet gjeld også Norge, og tyder at innan 2020 må Norge innføre eit eigarskapsregister kor alle reelle rettighetshavarar eller egentlege eigarar må vera oppført i eit ope register. Norge har ikkje oppfylt kravet, og høyringsnotatet seier heller ikkje noko om korleis Norge skal oppnå dette.

Ein må stille seg spørsmål om kvifor selskapa og OED insisterer på å mainstreame på den måten som er skissert i høyringsnotatet. Kan det vera at dei fleirnasjonale selskapa rett og slett ikkje ønskjer openheit om skattar i Norge fordi det kan føra til ein global standard som vil gjera det vanskelegare for selskapa å drive med aggressiv skatteplanlegging andre stadar i verda?

Kravet sivilsamfunnsgruppa har sett som eit minimumskrav i ein søknad om mainstreaming er at betalt skatt må takast inn som note i rekneskapet til selskapa. Dette kravet har OED og oljebransjen avvist, og av ukjente årsaker ikkje kunne slutte seg til. I høyringsnotatet er det heller ikkje gjort greie for kvifor dette ikkje er eit alternativ. Me undrar oss over kvifor OED ikkje støttar openheit i eit openheitsinitiativ.

Konklusjon:

I norsk «mainstreaming» krev Industri Energi at det er reviderte og revisorgodkjente rekneskapstal som vert formidla. Dette fordi det må vera eit krav at det er påliteleg og transparent informasjon. Me krev ikkje at innbetalt skatt vert splitta ned på einskilde skatteartar slik som i EITI-rapporten, men at samla skatt vert teke inn som noteopplysning om skattar. Me krev heller ikkje ekstra revidering, berre at informasjon om betalte skattar skal vera del av selskapet sitt rekneskap, og ikkje i ein eigen rapport utan kopling til selskapet sitt rekneskap.

Norge kan ved ein standardisert note gå føre som eit føregangsland for andre land som ønskjer å «mainstreame». Norge fremjar ikkje openheit og er ikkje eit føregangsland dersom det «mainstreamar» i høve til forslaget frå departementet.

Amalie Hilde Tofte,
Internasjonal rådgjevar,
Industri Energi.